

Veveplan for 1.trinn

11

Læringsmål

Sosialt	Eg heiar på andre.
Norsk	Eg kan nokre kjenneteikn på eventyr.
Matematikk	Eg kan beskrive posisjonar som over, under, ved sida av, framføre og bak.
Zippys venner	Å takle konfliktar: Korleis kjenne att ei god løysing?

Lekser denne veka:

Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
<p>Norsk: Les s. 36 i Salto elevbok.</p>  <p>Dei som meistrar å lese teksten sjølve gjer det, elles er det medlesing (at ein voksen les teksten i lag med eleven).</p>	<p>Norsk: Les boka du lånte på Biblioteket.</p>  <p>Uteskule til Toreskogen.</p> <p>Hugs gode klede!</p> 	<p>Norsk: Les boka som ligg i postmappa, 2 gonger, saman med ein voksen.</p>  <p>Boka MÅ vere med tilbake til skulen torsdag.</p>	<p>Norsk: Skriv kvart ord tre gonger i skriveboka di.</p> <p>Lever bibliotekboka og postmappa med skriveboka.</p>  <p>GOD HELG ☺</p>
Måndag 13.25 Tysdag 12.15	Onsdag 13.40	Torsdag 13.40	Fredag 12.15

Informasjon og lekseplan

11

Hei!

Denne veka startar me med skrivelekse. Elevane får med seg ei skrivebok med hjelpeelinjer, for å få bokstavane i rett storleik. Framme i boka har me limt inn eit ark der de kan sjå korleis bokstavane skal skrivast. **La elevane lese orda først.** Ein vaksen bør sitja saman med eleven når leksa skal gjerast, for å sjå til at bokstavane blir skrivne på rett måte.

I veke 11 og 12 skal me gjennomføra kartleggingsprøvar i lesing og rekning på skulen. Kartleggingsprøvane er laga for å finna elevar som treng ekstra oppfølging.

Minner om at garderoben treng rydding kvar fredag.

Det vert utviklingssamtalar i veke 13 og 14. Sjå eiga innkalling.

Ny elev i 1A:

Elijus Grigas, Grudevarden 70, tlf 45779345. Velkommen til Kleppe skule!

Foreldremøte:

Tysdag 8.april kl 19-21 blir det foreldremøte for 1.-3.-trinn.

Dette er eit samarbeid mellom FAU og skulen. Tema for møtet er **inkludering** og føredraget er ved mobbeombod Marit Nygård Roth.

Etter fellesdelen avsluttar me klassevis.



Minner om at de må ta ut gamle vekeplanar og skriv frå plastmappa før den blir levert inn.

Har de spørsmål eller beskjedar, send melding på Visma.

Er barnet sjukt må me få beskjed på Visma før klokka 08.00 same dag.



Ha ei fin veke ☺

Helsing oss vaksne på 1.trinn.

